



Utval: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etg, Fylkeshuset

Dato: 07.09.2015

Tidspunkt: 09:30-12:15

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Tore Svane	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Medlem	FFO
Harald Norheim	Nestleiar	SAFO
Anita Garlid Johannessen	Leiar	FRP
Jostein Ljones	Medlem	SP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Neshe Lie	Medlem	H
Kjersti Edvardsdal	Medlem	FFO

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Petter Tønjum	Seniorrådgjevar, samferdselsavdelinga
Odd Bjarne Berdal	Spesialrådgjevar, samferdselsavdelinga
Björg Larsen	Spesialrådgjevar, kulturavdelinga
Hilde Joranger Mæland	Seniorrådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga
Ingeborg Borgen Takle	Rådgjevar, økonomi- og organisasjonsavdelinga

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 33/15	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 34/15	Godkjenning av sakliste		
PS 35/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 36/15	Referatsak (Meldingar)		
RS 28/15	Større saker til politisk behandling hausten 2015 – per august	2014/1527	
RS 29/15	Høyring og offentlig ettersyn - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet	2014/1180	
RS 30/15	Invitasjon til landskonferanse - Helt med - Oslo - 22 - 23.10.2015	2015/168	
RS 31/15	Referat RMNF-AU, 26.08.2015	2014/558	
RS 32/15	Uttale til dokumentet Pedagogisk Arkitektur - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 33/15	Fylkeskryssande bussar - uttale frå råda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland	2014/558	
RS 34/15	Høyring Trygt Heim-ordninga - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 37/15	Budsjett 2016, for rådet og fylkeskommunen	2014/558	
PS 38/15	Saker rådet meiner må ha fortsatt fokus	2014/558	
PS 39/15	Årsmelding 2015 - utkast	2014/558	
PS 40/15	Overlevering av kompetanse til neste råd	2014/558	
PS 41/15	Ymse		

PS 33/15 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteinnkallinga.

PS 34/15 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente sakslista.

PS 35/15 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne godkjente møteboka frå 24.06.2015.

PS 36/15 Referatsak (Meldingar)

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

RS 29/15 Høyring og offentlig ettersyn – Regional areal- og transportplan for Bergensområdet: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne utvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget. Saka har saksnummer PS 41/15.

RS 30/15 Invitasjon til landskonferanse – Helt med: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne utvalet vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget. Saka har saksnummer PS 42/15.

RS 28/15 Større saker til politisk behandling hausten 2015 – per august

RS 29/15 Referat RMNF-AU, 26.08.2015

RS 30/15 Uttale til dokumentet Pedagogisk Arkitektur - frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

RS 31/15 Fylkeskryssande bussar - uttale frå råda for menneske med nedsett funksjonsevne i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland

RS 32/15 Høyring Trygt Heim-ordninga - uttale frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

PS 37/15 Budsjett 2016, for rådet og fylkeskommunen

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å søkje fylkeskommunen om 400 000 kr til rådet sitt arbeid.

Saka vert elles lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår å vidareføre noverande budsjetttramme på 400 000 kr til rådet sitt arbeid.

PS 38/15 Saker rådet meiner må ha fortsatt fokus

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne foreslår at det neste rådet må jobbe for at alle planar i fylket som vedkjem universell utforming vert teken opp i rådet før politisk handsaming.

PS 39/15 Årsmelding 2015 - utkast

Forslag til avgjerd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek følgjande som utkast til årsmelding 2015:

«I forbindelse med oppstart/bygging av nye fylkeskommunale bygg er det svært viktig at en får tidlig vite om disse og anledning til å komme med innspill. I forbindelse med oppstart av bygging av ny skole på Voss ba rådet om å få en orientering om prosessen. Bakgrunnen for dette var at rådet fikk sent tilgang til planene og derved kort tid til å komme med innspill. I dette møtet kom det frem at innspill måtte komme før en hadde inngått kontrakt. Dette fordi endringer som kommer etter kontraktskriving kan medføre forsinkelse i prosjektet. At endringer etter kontraktinngåelse vil utløse større kostnader er sikkert. Dette gjør at det er svært viktig for RMNF å få tilgang til planene så tidlig som mulig, helst på skissestadiet.

Pedagogisk arkitektur er et annet dokument som viser at det nytter å komme i dialog med eier av prosjekt på et tidlig tidspunkt. Etter et møte mellom utdanningsavdelingen og RMNF ble det fra vår side pekt på ting som burde endres på. Dette ble lovet og det gikk ikke mange dagene før endringene ble tatt inn i dokumentet. Det synes lettere å kunne gjøre dette når det er Fylkeskommunen som er eier. Likevel er det viktig med toveis kommunikasjon.

På samferdselssektoren er det endringer fra Fylkesveg til kommunal veg som kan skape utfordringer. I denne forbindelse er det viktig at kravet om universell utforming ikke blir svekket. Dette har RMNF tatt opp i eget skriv forut for fylkestinget i juni, noe som medførte at det ble gjort vedtak som samsvarer med RMNF sine ønsker. Igjen et bevis på at det nytter når en får kjennskap til saken tidlig nok og politikerne i rådet tar det videre i politiske fora».

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at følgjande utkast vert lagt fram for det nye rådet.

«I forbindelse med oppstart/bygging av nye fylkeskommunale bygg er det svært viktig at en får tidlig vite om disse og anledning til å komme med innspill. I forbindelse med oppstart av bygging av ny skole på Voss ba rådet om å få en orientering om prosessen. Bakgrunnen for dette var at rådet fikk sent tilgang til

planene og derved kort tid til å komme med innspill. I dette møtet kom det frem at innspill måtte komme før en hadde inngått kontrakt. Dette fordi endringer som kommer etter kontraktskriving kan medføre forsinkelse i prosjektet. At endringer etter kontraktinngåelse vil utløse større kostnader er sikkert. Dette gjør at det er svært viktig for RMNF å få tilgang til planene så tidlig som mulig, helst på skissestadiet.

Pedagogisk arkitektur er et annet dokument som viser at det nytter å komme i dialog med eier av prosjekt på et tidlig tidspunkt. Etter et møte mellom utdanningsavdelingen og RMNF ble det fra vår side pekt på ting som burde endres på. Dette ble lovet og det gikk ikke mange dagene før endringene ble tatt inn i dokumentet. Det synes lettere å kunne gjøre dette når det er Fylkeskommunen som er eier. Likevel er det viktig med toveis kommunikasjon.

På samferdselssektoren er det endringer fra Fylkesveg til kommunal veg som kan skape utfordringer. I denne forbindelse er det viktig at kravet om universell utforming ikke blir svekket. Dette har RMNF tatt opp i eget skriv forut for fylkestinget i juni, noe som medførte at det ble gjort vedtak som samsvarer med RMNF sine ønsker. Igjen et bevis på at det nytter når en får kjennskap til saken tidlig nok og politikerne i rådet tar det videre i politiske fora»

PS 40/15 Overlevering av kompetanse til neste råd

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å ha ein felles opplæring med råda i kommunane 22.-23. februar. Forslag til gjennomføring vert presentert til det nye rådet.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at Anita Garlid Johannessen og Jostein Ljones held ein kort orientering om rådet sitt arbeid for det nye rådet.

PS 41/15 Høyring og offentleg ettersyn - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Tore Svane hadde følgjande merknad til protokollen:

«Det bør innarbeides som et systemkrav i fylkeskommunale utb. prosjekt at utb. dokumentene er gjennomgått m.h.t. uu-ktr av uavhengig ktr.inst..»

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek å skrive ein uttale med følgjande innspel til planen: « Sentra, transport, bustadsområder, næringsbygg, natur og kultur må ha som mål å vere tilgjengelege for alle slik at samfunnsskapt barrierar nedbyggast og deltaking ikkje vert avgrensa.

På s. 54, punkt 22, foreslår rådet å endre ordet «bør» til «skal» slik at setninga vert: «Kommunal planlegging for bustadbygging skal i særleg grad leggje til rette for medverknad frå eldre, unge, personar med nedsett funksjonsevne og utbyggjarar.»

Rådet føreslår å fjerne punkt 25, s. 54. Det viktigaste for rådet er universell utforming, ikkje at bustadane er plassert ved busstraseen.

Til sist etterspør rådet ein plan for når busstraseene, og materiell i samband med dei, er universelt utforma.»

PS 42/15 Invitasjon til landskonferanse - Helt med - Oslo - 22 - 23.10.2015

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Saka vart lagt fram i møtet utan saksframlegg.

Vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek at alle rådsmedlemer får moglegheit til å delta på konferansen.

PS 43/15 Ymse

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.09.2015

Vedtak

Plankonferansen 20.-21. oktober: Alle rådsmedlemane som ønskjer å delta får moglegheita til det.

Busstopp: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer å sende følgjande spørsmål til fylkesrådmannen:

«Etter at ein fekk ei standard høgd på fortauskanten på buss-stopp på 18 cm, så oppfyller no mange nye og oppgraderte buss-stopp kravet til universell utforming. Dette gjer det lettare for både folk med nedsett funksjonsevne, og for funksjonsfriske, å ta seg fram med buss i Hordaland. No viser det seg at nye buss-stopp fungerer berre ei relativt kort stund, før asfalten byrjar å siga, og tydelege hjulspor viser seg langs fortauskantane på buss-stoppa. Dette medfører at bussen ikkje lenger kan køyra heilt inntil kanten, for då dunkar bussen nedi. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland ser med uro på denne utviklinga. Dette fører til at mange vil få problem med å ta seg fram med buss. Kva vil fylkesrådmannen gjere for å ivareta universell utforming på busstopp?»